



Handlingsplan Vald i nære relasjonar

2016-2019

Utarbeidd i samarbeid med kommunane; Bokn, Karmøy, Tysvær, Sveio, Sauda,
Suldal, Etne, Vindafjord og Utsira

Innhald

1. Mål og tiltaksplan.....	4
2.0 Innleiing.....	5
2.1 Bakgrunn	5
2.2 Visjon for kommunane:.....	5
2.3 Kort om kommunane	6
2.4 Om handlingsplanen	6
2.4.1 Mål og mandat.....	6
2.4.2 Prosjektorganisering	7
2.4.3 Målgruppe i handlingsplanen	7
2.5 Definisjoner.....	8
2.5.1 Kva er vald?	8
2.5.2 Ulike typar vald	8
2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldingar og føringar.....	9
2.7 Kommunane sitt ansvar	9
3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen.....	10
3.1 Dagens utfordringsbilete	10
3.1.1 Status Noreg.....	10
3.2 Valden sin særlege karakter.....	11
3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep	11
3.4 Formelle avgjerder	11
3.4.1 Regelverk – forholdet mellom forvaltningslova og særlovgevinga.....	11
3.4.2 Teieplikt.....	11
3.4.3 Unntak frå teieplikta	12
3.4.4 Opplysningsplikta til Barnevernstenesta	12
3.4.5 Politiets opplysningsplikt	12
3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorlege forbrytelser; Straffelovas § 139 (avvergelsesplikt).....	13
4.0 Samhandling og førebygging.....	13
4.1 Samhandling.....	13
4.2 Førebygging.....	13
5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandsregionen.....	14
6.0 Ressursliste.....	15
7.0 Evaluering og rullering	15
VEDLEGG	16
Tiltakskort for einskildsaker	16
1 Born.....	16
2 Vaksne	16
3 Eldre	16

4 Funksjonshemma	16
Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald	16
Tiltakskort 1 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot BORN	17
Tiltakskort 2 – Kva skal du gjera ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Vaksne	18
Tiltakskort 3 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot ELDRE.....	19
Tiltakskort 4 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Funksjonshemma	20
Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald	21

1. Mål og tiltaksplan

Mål	Tiltak	Kva	Kommune
Auka kompetanse om vald i kommunane	1. Oppnemning av ressurspersonar* i kommunen.	Kommunen nemnar opp nokre (avhengig av kommunestorleik) ressurspersonar* som skal ha noko meir spissa kompetanse om vald, og kvar ein kan få meir bistand.	Utsira, Bokn, Suldal Karmøy, Vindafjord
	2. Auka generell kompetanse om Vald i nære relasjonar for dei som arbeider nærast utsette grupper.	Årleg kurstilbod (hausten frå RVTS) for tilsette som arbeider tett på grupper som kan vera utsette for vald.	Bokn, Suldal, Vindafjord, Etne
	3. Spesifikk kompetanseheving for ressurspersonar i kommunen	Årleg kurstilbod (hausten frå RVTS) for ressurspersonar for meir spissa kompetanse.	Suldal, Vindafjord, Karmøy
	4. Kommunal tverrfagleg kompetanseheving for alle aktuelle instansar i kommunen	Eit kurstilbod (RVTS) som omfattar tverrfagleg heilskapleg kompetanseheving (Trygg modellen)	Suldal, Utsira
	5. Kompetanseheving ift vald mot eldre.	Gjennomgang av filmar på www.vernforeldre.no Auka kompetanse for tilsette som arbeider med eldre.	Suldal, Bokn, Sveio, Karmøy
Auka merksemd på førebygging av vald i kommunane	6. Systematisk gjennomgang av rutinar for melding til barnevern/politi.	Sikra at alle tilsette barnehagar, skular og andre som arbeider med born og unge er kjent med plikter gjeve i lov for offentleg tilsette ved å gå gjennom interne rutinar.	Suldal, Bokn, Sveio, Etne, Utsira, Karmøy, Vindafjord
Auka merksemd på å avdekka vald og tilgjengelege hjelpeinstansar	7. Oppretta kommunale konsultasjonsteam*	Sikra at tilsette kan drøfta uro med tverrfagleg kompetanse og få bistand til kva ein skal gjera vidare.	Sveio, Suldal

***Ressurspersonar** – Med ressurspersonar er det meint at kommunane nemner opp nokon med særleg interesse og kompetanse til funksjonen, som andre tilsette i kommunen kan venda seg til for rådføring. Det er meint at desse personane kan vera ein ressurs ein kan drøfte med, og gje bistand til kor ein skal ta kontakt vidare i saka.

***Konsultasjonsteam**- Konsultasjonsteam er ei kommunal gruppe av tilsette med tverrfagleg kompetanse der andre tilsette kan kalla inn og drøfta ei uro eller hending (anonymt). Gruppa vil saman drøfta saka og gje bistand til korleis ein kan handtera saka vidare.

2.0 Innleiing

Vald i nære relasjonar er alvorleg kriminalitet, eit angrep på grunnleggjande menneskerettar, og eit folkehelseproblem. Valden har eige uttrykk og omfattar fysiske, psykiske, seksuelle og materielle overgrep mot ein person som valdsutøvarer har ein nær relasjon til. Det kan handla om overgrep mot barn, noverande eller tidlegare kjæraste, sambuar eller ektefelle, men og andre i nær relasjon medrekna eldre og funksjonshemma. Det kan vera barn, barnebarn eller andre nære slektningar som gjer overgrep mot eldre. Det kan gjelda barn som opplever vald i familien og det kan handla om tvangsekteskap og kjønnslemlesting. I ytste konsekvens tek denne valden liv. Vald i nære relasjonar er inga privatsak, men eit samfunnsansvar.

2.1 Bakgrunn

Rådmannsgruppa på Haugalandet har bede om at kommunene utarbeider ein handlingsplan: «Vald i nære relasjonar». Rådmannsgruppa vende seg til Helseleiarnettverket for dei haugalandskommunane som ikkje hadde slik plan. Denne planen handlar om Vald i nære relasjonar og har ulike fokusgrupper (born, vaksne, eldre og funksjonshemma) med tilhøyrande tiltakskort.

2.2 Visjon for kommunane:

«Et liv utan vald»





2.3 Kort om kommunane

Haugalandet er ei halvøy mellom Bømlafjorden i Hordaland og Boknafjorden i Rogaland, avgrensa i aust av det 9 km lange eidet mellom Ølensfjorden og Sandeidfjorden. Etne og den nordlige delen (Sveio) ligg i Sunnhordland. Resten av halvøya og øyene sør og vest for denne utgjør distriktet Haugaland, og i tillegg Sauda og Suldal, i Rogaland fylke, med til saman omlag 107 000 innbyggjarar (1. januar 2015) fordelt på dei 10 kommunane Bokn, Sveio Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Sauda, Etne og Suldal. Innbyggjargrunnlaget for denne planen er om lag 67 000, då Haugesund ikkje er inkludert i planen.

Regionsenteret på Haugalandet er byen Haugesund. På indre Haugalandet er det eit mindre regionsenter i Ølen, med dei fleste sentrumsfunksjonane. Dei andre byane i området er Åkrehamn, Kopervik og Skudeneshavn, som alle ligg i Karmøy kommune.

2.4 Om handlingsplanen

2.4.1 Mål og mandat

Målet med handlingsplanen er at ein gjennom å auka kunnskap og samhandling mellom dei ulike tenesteytarane i kommunen og hjelpeapparat som politi og rettsvesen, skal bli betre på:

- Informasjon, førebyggjande og holdningsskapande arbeid
- Gje betre informasjon og hjelp til utsette generelt, og til sårbare grupper spesielt
- Ha eit godt oversyn over kor utbreitt Vald i nære relasjonar er i kommunane
- Sjå ulike tiltak og verkemiddel i samanheng
- Tryggja og støtta tilsette som har mistanke om, eller avdekkjer Vald i nære relasjonar
- Ha tydelege samhandlingsrutinar

- Reagera raskt når saker oppstår
- Ta mistanke om Vald i nære relasjonar på alvor
- Bidra til heilskapleg og samordna bistand til valdsutsette

2.4.2 Prosjektorganisering

Oppdragsgjevar: Rådmannsgruppa på Haugalandet

NAVN	Stilling	Kommune
Ingunn Toft (Prosjektleder)	Kommunalsjef	Bokn kommune
Guro Thorsheim	Barnevernsleiar	Sveio kommune
Stine Heinz Enge	Barnevernsleiar/PP leiar	Tysvær kommune
Helene Harris-Christensen	Bosetter og integreringsveileder	Tysvær kommune
Hilde Høyland	Helseleiar	Etne kommune
Bjørn Klungland	Psykisk helseteneste	Etne kommune
Brit Nelly Ness Tveit	Barne- og familierettleiar	Vindafjord kommune
May Doris Fagerland	Rus og psykisk helseteneste	Karmøy kommune
Nina Mosbron	Folkehelsekoordinator	Suldal kommune
Gro Helland	Psykisk helse	Suldal kommune
Hege Michalsen	Barnevernsleiar	Sauda kommune
Merete Herheim	Barne- og familierettleiar	Sauda kommune

Eksterne ressursar:

May Lise Skogøy	Dagleg leiar	Krisesenteret Hgsd
Britt Helen Aasbø	Dagleg leiar	Krisesenteret Vest IKS
Geir Johnny Olsen	Spesialkonsulent	RVTS

Gruppa er fagleg breitt samansett og representerer skule, barnehage, PPT, barnevern, folkehelse, rus, psykisk helse, barne- og familierettleiarar, helse/pleie og omsorg samt flyktningteneste.

2.4.3 Målgruppe i handlingsplanen

Handlingsplanen med tilhøyrande tiltakskort har lagt vekt på å sikra einskapleg og kvalitativ førebygging og oppfølging av vald mot born og unge, vaksne, eldre og funksjonshemma, medrekna utsett for vald og mistanke om dette. Ved å førebyggja, samt å oppdaga vald, gjev ein born og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte både i barnehagen og skulen og betre oppvekstvilkår.

Politiet har definert vald i nære relasjonar slik:

Vald eller truslar om vald ovanfor personar som er eller har vore gift, eller som lever i eit ekteskapsliknande forhold. Det gjeld òg sysken, born, foreldre, besteforeldre og andre i rett opp- eller nedstigande line, samt adoptiv-, foster- og steforhold.

Valdsutøvinga er uavhengig av stad. (Politi.no)



2.5 Definisjoner

2.5.1 Kva er vald?

Eit skilje på ulike former for vald går mellom grov gjentakande vald og/ eller kontrollerande vald på den eine sida, og episodisk vald som ikkje nødvendigvis speglar av eit skeivt maktforhold på den andre sida. Episodisk vald har ingen klar kjønnsprofil, men menn og kvinner er utsette og utøvarar i tilnærma like stor grad. Når det gjeld dei alvorlegaste formene for overgrep og brutalitet, er det derimot ein tydelig kjønnsprofil. Det rammar i størst grad kvinner, og det er i hovudsak menn som er utøvarar. Vald kan utførast både fysisk og psykisk og er i hovudsak ei handling som påfører ein annan person skade eller smerte.

2.5.2 Ulike typar vald

Fysisk vald

Fysisk vald er å påføra smerte, kroppsleg skade eller sjukdom ved slag, spark, lugging, klyping, biting, kasting, brenning, skålding, risting («shaken baby syndrom») og liknande. I dei alvorlegaste tilfella forgifting, drapsforsøk og drap.

Psykisk vald

Psykisk vald er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skader eller krenkjer og som ikkje er direkte fysiske av natur, eller måtar å styra eller dominera andre på ved hjelp av bakanforliggjande makt eller trussel.

Materiell vald

Handlingar retta mot ting eller gjenstandar. Det kan innebera å slå inn veggjar, dører eller vindauge, kasta og rasera inventar, knusa eller øydeleggja gjenstandar eller rive sund klede.

Seksualisert vald

Seksuelle overgrep omfattar mellom anna blotting, kikkning, fotografering, verbale kommentarar av seksuell karakter, seksuelt prega berøring, onani, oralsex, samleie, innføring av gjenstandar i kroppen sine holrom mm, samt all berøring mot eigen vilje.

Latent vald

Vald som verkar i kraft av å leva i konstant frykt for nye valdsepisodar. Risikoen for ny vald styrer all åtferd, og vert ein strategi for å unngå ny vald.

Økonomisk vald

Dette er ei form for vald som kan koma til uttrykk ved at partnaren vert hindra i å rå over sin eigen økonomi.

Grooming- internettrelatert seksuelle overgrep

Grooming er prosessen der ein voksen vert vener med, og opprettar ein emosjonell kontakt med eit barn, for så å avtala eit møte slik at det vert mogleg for den vaksne å ha seksuell omgang med barnet. Eit typisk hendingsforløp i ei groomingsak, vil ofte byrja med kontakt over internett.

Ære og æresrelatert vald (tvangsekteskap, omskjerjing, kjønnslemlesting)

Tvangsekteskap og kjønnslemlesting er også former for Vald i nære relasjonar. Tvangsekteskap og kjønnslemlesting krev ein særleg innsats. Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan på dette området; Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og alvorlege avgrensingar av fridom for dei unge (2013-2017).

Ære er eit positivt omgrep som vert sett på som sosial anerkjening, sjølvkjensle og sjølvrespekt. Ære er eit spørsmål om velferd, status og posisjon. Verdiane varierer mellom ulike kulturar og samfunn.

2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldingar og føringar

I november 1999 la regjeringa fram handlingsplanen «*Tryggleik i sentrum*» som handlar om vald på offentleg stad. Merksemd vert særleg retta mot den private valden, nærare bestemt vald mot kvinner.

I april 2003 blei *St. meld nr 29 (2002 – 2003) Om familien- forpliktende samliv og foreldreskap («Familiemeldingen»)* fremja. Temaet Vald i nære relasjonar er særleg drøfta i kapittel 6. I desember 2003 presenterte Kvinnevaldsutvalet *NOU 2003:31 Retten til eit liv utan vald*. Denne handlar om valden menn har mot kvinner i nære relasjonar.

I juni 2004 kom *Handlingsplanen Vald i nære relasjonar*. Planen inneheld 30 konkrete tiltak, som kan delast inn i følgjande fire hovudområde:

- Samarbeidskompetansen og kunnskapen i hjelpeapparatet skal styrkjast
- Vald i nære relasjonar skal synleggjerast og førebyggjast gjennom haldningsendringar
- Ofre for Vald i nære relasjonar skal sikrast tilstrekkeleg hjelp, vern og bistand
- Valdsspiralen skal brytast ved å styrkja behandlingstilbodet til valdsutøvar

I desember 2007 kom ein oppdatert handlingsplan (*Vendepunkt*) 2008 – 2011, med 50 delvis nye tiltak. Gjennom desse 50 tiltaka ville regjeringa styrkja innsatsen mot Vald i nære relasjonar ytterlegare. «Vendepunkt» framheva lokale handlingsplanar som viktige reiskapar for å sikra tilrettelagte heilskapelege tilbod for dei som vert utsette for Vald i nære relasjonar.

Denne er seinare følgt opp i 2011 med *Status handlingsplanen mot Vald i nære relasjonar* og i 2012 *Handlingsplan mot Vald i nære relasjonar*.

I 2013 kom regjeringa med handlingsplanen «*Eit liv utan vald 2014 - 2017*»

På tilgrensa område har regjeringa laga ein eigen *Handlingsplan mot tvangsekteskap for perioden 2008 – 2011*. Den gjev ein samla presentasjon av korleis regjeringa vil styrkja og vidareutvikla innsats mot tvangsekteskap. Planen inneheld både førebyggjande tiltak og hjelpetiltak.

2.7 Kommunane sitt ansvar

Etter norsk lov er kommunen plikta til å gje sine innbyggjarar, og valdsutsette eit forsvarlig tilbod. I høve til kommunale tenester er sosialtenestelova, opplæringslova, helse- og omsorgstenestelova, samt barnevernslova sentrale rettslover. Vidare gjev forvaltningslova utfyllande reglar om kommunen si opplysnings- og rettleingsplikt. Kommunen skal ved si helseteneste og opplæring fremja folkehelse, trivnad og gode sosiale og miljømessige forhold, samt å førebyggja og behandla sjukdom, skade eller lyte. Kommunen skal spreia opplysning om, og auka interessa for kva den einskilde sjølv og folk flest kan gjera for å fremja sin eigen trivnad, sunnheit og folkehelsa.

Barnevernstenesta skal sikra at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår.

Gjennom desse avgjerdene har kommunen eit ansvar for å sjå til at formålet med lova vert ivareteke ovanfor valdsutsette.

3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen

3.1 Dagens utfordringsbilete

Bruk av vald er i strid med norsk lov, og det er angrep på grunnleggjande menneskerettar. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar på lik line med vald som skjer i andre samanhengar.

I tillegg til dei synlege og direkte fysiske skadane som valden fører til, er det klare samanhengar mellom vald og seinare fysisk og psykisk vanhelse. Verknader og omfang fortel oss at me står ovanfor eit alvorleg folkehelseproblem. Vald i nære relasjonar har og store sosiale verknader. Å delta aktivt i samfunnet vert redusert, og kan føra til isolasjon, økonomiske problem og arbeidsløyse. Den samfunnsøkonomiske analysen av Vald i nære relasjonar som blei offentleggjort i 2012, anslår at denne valden kostar det norske samfunn mellom 4,5 og 6 milliardar kroner årleg gjennom auka behov for hjelpetiltak i skular, psykiatrien, fysisk helsehjelp, barnevernstiltak, auka behov for politiressursar mm. (www.vista-analyse.no 2013). Vald som går føre seg i nære relasjonar, er utfordrande. Det kan vera vanskeleg å melda ein nærstående person.

Utfordringane knytter seg til kvalitet på tenesta innanfor den strukturen, som allereie ligg føre, samt samarbeid og samordning innanfor og mellom dei einskilde tenestene. Det er også viktig å fokusera på den førebyggjande innsatsen. Å førebyggja på eit tidlig tidspunkt vil av røynsle kunna redusere valden, hindra at vald oppstår samt stansa pågåande vald.

3.1.1 Status Noreg

Omfanget av Vald i nære relasjonar er vanskeleg å fastslå. Mørketala er store. Statistikk frå politiet og krisesentertilbodet kan gje oss indikasjonar på at omfanget av Vald i nære relasjonar er eit samfunnsproblem i Noreg.

I 2012 overnatta 1929 kvinner, 117 menn og 1763 barn på eit av krisesentra. Same året registrerte politiet 2557 meldingar om vald i familieforhold (straffelova § 219). Kor grov valden har vore har og noko å seia for kor tiørbøyeleg ein har vore til å melda til politiet. Ein reknar med at berre rundt 25 % av valden kvinner vert utsett for av nærstående vert meldt. Tal frå Statistisk sentralbyrå (www.ssb.no) viser at menn i hovudsak vert utsett for vald frå heilt eller delvis ukjend valdsutøvar på offentlig stad, medan kvinner i større grad opplever å bli utsett for vald i nære relasjonar og i nærmiljøet sitt.

Ulike omfangsundersøkingar viser at dei mest utbreidde og minst alvorlege formene for vald mot partner, rammar menn i like stor grad som kvinner. Dei mest alvorlege formene for vald og overgrep er det derimot flest kvinner som vert utsett for. Basert på omfangsundersøkingar gjennomført de siste årene reknar ein med at mellom 75 000 og 150 000 personer årleg vert utsette for vald i nære relasjonar i Noreg. Vald i nære relasjonar kan i ytste grad føra til tap av liv. Sju av 28 registrerte drap i Noreg i 2012 vart gjort av noverande eller tidlegare partner (gift eller sambuande). Seks av ofra var kvinner, ein var mann. Dei siste 10 åra er 63 kvinner drepne av noverande eller tidlegare partner. Mellom 20 og 30 prosent av drapa som vert gjort, er drap på noverande eller tidlegare partner.

Samanlikna med andre land har Noreg et lågt valdsnivå (*Saur, Hustad, og Heir, Valdsførebygging i Noreg, rapport 3:2011*) Det kan forklarast med at Noreg er eit forholdsvis kjønnslikt samfunn, har låg arbeidsløyse, har god tilgang til utdanning, god økonomi og inntektsfordeling samanlikna med andre land. Førekosten av vald er i midlertidig og er høgare i befolkningsgrupper som er avhengige av offentlege ytingar, og er arbeidslause og har lågare utdanning (*Saur, Hustad, og Heir, Valdsførebygging i Noreg, rapport 3:2011*).

Sjølv om tala for valdsførekomst har endra seg dei siste åra, viser kriminalstatistikken ein auke i tal på meldte valdsaker.

Det er vanskeleg å finna oversyn over eksakte tal på æresrelatert vald grunna store mørketal. Ein stor del av valden som ikkje-vestlege innvandrarakar vert utsette for, skjer internt i familien eller i omgangskretsen, og fleire er registrerte som gjerningspersonar i same periode som de er registrerte som ofre.

3.2 Valden sin særlege karakter

Vald i nære relasjonar har særtrekk som skil denne valden frå anna vald. Der anna vald ofte er ei eingongshending med ein gjerningsperson som er ukjent for offeret, vert vald i nære relasjonar ofte utøvd i det skjulte, er gjentakande, og personane som er råka er viktige i kvarandre sine liv gjennom felles historie, gjensidige plikter og er ofte avhengige av kvarandre. Derfor vert verknadene ofte meir alvorlege enn for annan vald. Den som vert utsett for valden, klandrar ofte seg sjølv, og opplever skam og kjensle av skuld. Sjølv om valden er synleg og kjent, kan ein likevel vegra seg for å gripa inn i det som vert opplevd som private forhold. Dette er med på å halda overgrepa skjult for dei som kan yta hjelp. Kunnskap om valden sin karakter og særtrekk er nødvendig for at politi og hjelpeapparat skal kunne avdekkja valden og gje god og rett hjelp.

3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep

I tillegg til dei synlege og direkte skadane, kjem seinverknader i form av fare for at offeret/offera får både fysiske og psykiske seinskadar. Offer for partnervald opplever ofte:

- Frykt for nye valdsepisodar
- Frykt for liv og helse
- Frykt for reaksjonar frå sosiale relasjonar, familie og nettverk elles
- Frykt for tap av samvær med barn
- Frykt for at barnet må ha samvær med valdsutøvar
- Frykt for å bli isolert
- Frykt for at økonomien vil bryta saman dersom ein bryt ut av parforholdet
- Nedbroten sjølvtilitt og manglande tru på at ein kan klara eit sjølvstendig liv

Born som opplever vald mot seg sjølv eller omsorgsperson, og som lever i konstant redsle for ny vald, kan få skadeverknader som:

- Psykososiale vanskar
- Depresjon
- Angst for tap av mor/far
- Angst for at dei sjølv skal bli råka
- Krav til seg sjølv om å ta på seg verjerolla
- Krav til seg sjølv om å avleia situasjonen
- Valdsåtferd mot andre
- Lågare sosial kompetanse
- Sinne og avmakt
- Åtferdsvanskar
- Konsentrasjonsvanskar

3.4 Formelle avgjerder

3.4.1 Regelverk – forholdet mellom forvaltningslova og særlovgevinga

For tilsette i politiet som handsamer straffesakar, helsepersonell som utøver sin profesjon og dei som utfører arbeid eller teneste for eit familievernkontor, følgjer reglane om teieplikt, opplysningsplikt og tilgangen til å formidla vidare opplysningar av eigne avgjerder i høvesvis straffeprosesslova, helsepersonellova og familievernkontorlova.

3.4.2 Teieplikt

Det er grunnleggjande for tillitsforholdet mellom helsepersonell og innbyggjarane at teieplikta vert følgt. Teieplikta skal bidra til at personar søker helsetenesta og god informasjon, også sensitiv informasjon, utan frykt for at informasjonen vert formidla vidare til uvedkommande. Teieplikta utgjer eit sentralt element av personvernet.

Forvaltningslova inneheld reglar om teieplikt for tilsette i forvaltninga. Forvaltningslova gjeld for den verksemda som vert driven av organ for stat, fylkeskommune og kommune. Dette vil seia at sosialtenesta, skuleverket, barnehagane, barnevernstenesta og sjukehusa er underlagt forvaltningslovas avgjerder om teieplikt.

Helsepersonell har yrkesmessig teieplikt. For desse gjeld først og fremst reglane i **Helsepersonellova** om yrkesmessig teieplikt.

For skuleverket følgjer det av **Opplæringslova** at teiepliktsreglane i forvaltningslova gjeld, og at dei også gjeld for private skular med offentleg godkjenning. Det same gjeld for barnehagane i samsvar med barnehagelova. Og **Sosialtenestelova** og **Barnevernslova** viser til forvaltningslova sine reglar og gjer dei gjeldande for etaten sine tenestemenn. Men for sosialtenesta og barnevernet er det gjort viktige avgrensingar i kva unntak frå teieplikt som gjeld.

3.4.3 Unntak frå teieplikta

Teieplikta er ikkje absolutt. Unntaka frå teieplikta kan delast i to kategoriar; unntak som gjev helsepersonell *opplysningsrett* og unntak som pålegg helsepersonell *opplysningsplikt* eller *meldeplikt*.

Opplysningsrett tyder at tilsette *kan*, men ikkje pliktar å utlevera teiepliktige opplysningar. I desse situasjonane kan teieplikta opphevast ved samtykke frå pasienten sjølv. *Opplysningsplikt* og *meldeplikt* inneber at tilsette i visse situasjonar skal gje opplysningar vidare utan hinder av teieplikta. Til dømes til naudetatar og barnevern og i samband med fødsjar, dødsfall og betydeleg personskade. Opplysningsplikta er regulert i helsepersonellova. Helsepersonell kan og ha ei plikt til å gje opplysningar vidare etter straffelova for å avverja nærare bestemte straffbare handlingar (avverjingsplikta).

Av lov om sosialtenester og lov om barnevernstenester går det fram at unntaka i forvaltningslova ikkje gjeld for sosialtenesta og barnevernet. Dette tyder kort at sosialtenesta og barnevernstenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan. Den skjerpa teieplikta inneber at barnevernet og sosialtenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan utan at det ligg føre samtykkeerklæring frå klienten. Opplysningar kan ein òg gje når det er naudsynt å gje andre forvaltningsorgan opplysningar for å fremja sosialtenesta eller barnevernstenesta sine oppgåver eller det er naudsynt å gje opplysningar for å førebyggja vesentleg fare for liv og helse. Både sosiallova og barnevernslova inneheld altså avgjerder som opnar for at ein kan gje informasjon når dette fremjar Oppgåvene til barnevernstenesta og sosialtenesta. Dette er avgjerder som svarar til det viktigaste unntaket i forvaltningslova. Elles kan ein berre gje informasjon når det ligg føre vesentleg fare for liv eller skade på nokon si helse.

3.4.4 Opplysningsplikta til Barnevernstenesta

Opplysningsplikta til Barnevernstenesta inneber at ein skal gje opplysningar utan hinder av teieplikta. Plikta til å gje opplysningar gjeld både av eige tiltak og etter pålegg frå Barnevernstenesta. Opplysningsplikta til Barnevernstenesta følgjer av Barnevernslova. Når opplysningsplikta ligg føre, skal ein straks og utan hinder av teieplikta gje opplysningane vidare til Barnevernstenesta. Opplysningsplikta gjeld når det er *grunn til å tru* at eit barn vert mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt. Opplysningsplikta er såleis avgrensa til alvorlege tilfelle. Det at born ikkje lever under optimale forhold, vil ikkje vere nok til å utløysa opplysningsplikta. Barnevernstenesta er gjeve eit særleg ansvar for å sikra at barn som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For at barnevernet skal kunna ivareta dette ansvaret ovanfor born som vert utsette for vald i familien, er barnevernstenesta avhengig av å få opplysningar frå andre som kjenner situasjonen barnet er i.

Opplysningsplikta gjeld for alle offentlege instansar og tenester, offentlege tilsette og alle andre som utfører tenester for desse.

3.4.5 Politiets opplysningsplikt

Dersom politiet får kjennskap til eller mistanke om at barn vert mishandla av foreldra, føresette eller andre som barnet bur saman med, skal det straks meldast frå om dette til barnevernstenesta. Plikta politiet har går i visse tilfelle noko lenger enn det som følgjer av barnevernslova. Påtaleinstruksen pålegg politiet å underretta barnevernstenesta om bruk av tvangsmiddel eller andre etterforskningssteg dersom det er grunn til å tru at det samstundes bør setjast i verk tiltak overfor barnet.

3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorlege forbrytelser; Straffelovas § 139 (avvergelsesplikt)

Alle har ei generell plikt til å førebyggja samt å oppdaga vald og gje born og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte både i barnehagen og skulen, samt betre oppvekstvilkår. Plikta gjeld difor ikkje dersom den aktuelle valdshandlinga allereie er gjennomført, og det ikkje er tale om å førebyggja ny vald eller følgjene av valden. For andre instansar og tenester enn barnevernstenesta vil det å gje barnevernstenesta opplysningar om at eit barn er utsett for slike alvorlege brotsverk i en del tilfelle kunna vera ein annan måte å avverja brotsverket på enn ved å melde forholdet til politiet. I einstilte tilfelle vil likevel det å gje opplysningar til barnevernstenesta ikkje gje barnet tilstrekkeleg vern raskt nok. I slike tilfelle kan einaste alternativ vera å melde forholdet til politiet.

Barnevernstenesta har den same plikta til å melde eller på annen måte avverja alvorlege brotsverk som andre instansar og tenester.

4.0 Samhandling og førebygging

4.1 Samhandling

Handtering av valds- og overgrepssaker krev ei ansvars- og rollefordeling mellom dei offentlege instansane. Fordi kvar einstild sak er unik, er det nødvendig at det vert samhandla mellom dei ulike aktørane. All erfaring tilseier at dette vert best gjennom etablerte samhandlingsarenaer. Ulike tenester og instansar har ulike roller og dermed ulike oppgåver i høve til vald i familiar. Rollene kan òg variera ut frå kva fase saka er i:

- Oppdagingsfasen (når det oppstår mistanke eller visse om at nokon er utsett for vald i familien)
- Utgreiingsfasen (når situasjonen vert utgreidd nærare)
- Tiltaksfasen (når familien vert følgt opp ved at tiltak vert sett i verk)

4.2 Førebygging

God førebyggjing sparar samfunnet for store menneskelege og økonomiske kostnader og er slik ei investering i framtida. Erfaring viser likevel at førebyggjing ikkje er prioritert i stor nok grad. Det langsiktige førebyggjande arbeidet må ofte vika for det akutte og situasjonsbestemte. Resultata av førebyggjande innsats ser ein gjerne på lengre sikt. Dette kan vera ei utfordring når effekt vert vurdert gjennom evna til å levera raske, handfaste og lett målbare resultat. I tillegg til å vera langsiktige, framtrer ofte gevinstane av førebyggjande innsats på andre stader enn der kostnadene kjem på. Gevinstane kan også vera spreidde over fleire sektorar.

Eit godt kommunalt folkehelsearbeid der ein fokuserer på utjamning av sosiale helseforskjellar, vil være god førebyggjing med omsyn til vald i nære relasjonar. Forsking viser at det er ein høgare førekomst av vald i befolkningsgrupper som er avhengige av velferdsyttingar (trygd og sosialhjelp), som er utan arbeid og som har låg utdanning. Det kan difor synast som om høgare utdanning, stabil tilknytning til arbeidsmarknaden og stabil økonomi fungerer som vern mot utsette for vald i nære relasjonar. Å førebyggja fattigdom og at ein vert avhengig av trygdeyttingar i yrkesaktiv alder, kan dermed føra til reduksjon av førekomst av vald på sikt. Samanhengen mellom vald i nære relasjonar og bruk av rusmiddel er kompleks, men mykje vald vert utøvd i ruspåverka tilstand. Tilsvarande kan det å vera avhengig av rus vera resultat av å vera utsett for vald. Vald i nære relasjonar kan såleis reduserast ved å redusere totalkonsumet av alkohol.



5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandregionen

Det er ofte glidande overgangar mellom oppdagarrolla og behandlarrolla. Arbeidet med valdsproblematikk i nære relasjonar krev ofte tverretatleg og tverrfagleg innsats. Involverte tenester kan vera krisesenter, familievernkontor, spesialisthelseteneste, skule, barnehage, vaksenopplæring, NAV med sine ulike tenester, pleie og omsorg, barnevern, fastlege, førebyggjande helse, politi m.fl. Tildeling av valdsalarm, besøksforbod og straffeforfølgjing er døme på nokre tiltak som politiet kan setja inn.

Valdsutsette skal kunne få hjelp til å kontakte politi og advokat.

Krisesenteret Stord/Haugesund

Krisesenter vest IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av 17 eigarkommunar. Det er to avdelingar, Haugesund og Stord. Krisesenteret er eit lovpålagt gratis lågterskeltilbod. Det trengs inga tilvising og det er inga ventetid. Krisesenteret gjev eit tilbod til kvinner, born og menn som er utsette for vald eller trugsmål om vald i nære relasjonar. Krisesenteret gjev tilbod om eit midlertidig akutt butilbod eller dagtilbod, samt oppfølging i reetableringsfasen. Det vert òg gjeve informasjon om rettar og moglegheiter og det vert gjeve tilbod om støttesamtalar. Krisesenteret kan vidareformidla kontakt med resten av hjelpeapparatet, advokat og politi. Dei tilsette har kompetanse innan psykiatri, barn og unge, pedagogikk og fleirkulturell forståing.

Politiet

Politiet sitt arbeid mot familievald er høgt prioritert. Det er egne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt. Ei viktig oppgåve for politiet er å redusera omfanget av vald og trugsmål. Førebyggjande og etterfølgjande tiltak skal saman bidra til minst mogleg kriminalitet medrekna Vald i nære relasjonar. Tidleg og rett inngripen frå politiet si side vil kunna hindra utvikling av ein vidare valdsspiral.

Familievernkontor

Familievernkontora gjev hjelp til foreldre og born når vald førekjem i familien. Familievernkontoret på Stord tilbyr behandling til familiar som opplever vald. Kontoret kan tilby behandling for valdsutøvar og valdsutsette. Tilbodet er gratis. Det er ikkje nødvendig med tilvising.

Spesialisthelsetenesta

Helse Fonna tilbyr kurs i sinnemeistring. Fastlege kan tilvisa. Helse fonna (Lærings og mestringssenteret) har jamleg kurs i sinnemeistring som går over 15 kurskveldar. Kursa vert haldne i Haugesund eller Stord etter behov. Det kan vera 4-8 deltakarar og tidlegare deltakarar har gjeve gode tilbakemeldingar på tilbodet. Kommunane kan ta kontakt med Lærings og meistringssenteret for informasjon om tilbodet.

Kommunale tenester

Fleire kommunale tenester har kompetanse og kan gje tilbod om individuell oppfølging. Dette gjeld m a helsestasjon, helsearbeidarar innan rus- og psykisk helse. I tillegg kjem kompetanse i skule og barnehagar i høve born.

Barnevernstenesta

Born som opplever vald i heimen, er i ein uhaldbar omsorgssituasjon med risiko for at dei vert utrygge og får redusert livskvalitet både som born og seinare i vaksen alder. Skadeverknader med å leva i ein familie der det førekjem vald mellom vaksne, er dei same som om barnet vert utsett for direkte vald. Barnevernstenesta får dermed ei spesiell rolle i mange av desse sakene. Her finst det kompetanse på familiebehandling og samarbeid med barn.

PPT tenesta

Tenesta har god kompetanse og oppfølging med born av ulike årsaker. Tenesta har og eit bredt samarbeid med andre interne og eksterne samarbeidspartar.

Andre kompetanse- og rettleiingsressursar

BUF-etat og RVTS (Ressurssenter mot vald og traumatisk stress, region vest) har kompetanse og kan gje bistand og rettleiing samt kompetanseheving.

6.0 Ressursliste

Her er lista opp andre instansar som kan vera til hjelp ved mistanke eller etter avdekking av vald:

- Legevakt
- Helse fonna, valdtektsmottak
- Helsestasjon
- Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT) og OTPPT
- NAV
- Fastlege
- Barne- og ungdomspsykiatrisk (BUP)
- Distrikt psykiatrisk senter (DPS)
- Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordaland
- Regionalt Ressurssenter om vald, traumatisk stress eller sjølvmoedsføbyggjing (RVTS)
- Alternativ til vald
- Statens barnehus Bergen/Stavanger
- Landsforeningen til voldsofre
- Vern for eldre
- Alarmtelefonen 116-111 – alarmtelefonen for born og unge
- Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep i Hordaland (SMISO) avd Stord og Bergen
- Raude kross-telefonen 815 55 201
- SEIF (Selvhjelp for innvandrere og flyktninger)
- Advokatbistand
- Reform - ressursenter for menn
- DIXI Landsforeningen for voldtatte
- Rådgivningskontora for kriminalitetsutsatte
- hvorlite.no
- www.vernforeldre.no

7.0 Evaluering og rullering

Planen skal evaluerast årleg (innan 1. kvartal), og rullerast innan utgangen av 2019. Prosjektlear kallar inn arbeidsgruppa for evaluering.

VEDLEGG

Tiltakskort for einskildsaker

1 Born

2 Vaksne

3 Eldre

4 Funksjonshemma

Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald

Tiltakskort 1 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot BORN

- **«Ta i mot» det som blir sagt, repeter det barnet seier og sei: Fortel meir om det! (Bruk opne spørsmål/setningar). Sei det var bra barnet sa frå** «om dette, og at dette må me snakka meir om seinare. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av barnet på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner barnet.
- **Informert leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, kontakta barnevernstenesta.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seia at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfta saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melda saka vidare til barnevern/representera verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melda. Det vert her vist til opplysningsplikta til barnevernet.
- **I dei tilfella det er knytt uvisse til om barnet kan vera utsett for overgrep frå foreldre/ fosterforeldre/ søsken/stesøsken, skal det IKKJE takast kontakt med foreldre/føresette.**
- Ved akutte situasjonar der der er grunn til å tru at born har vore utsette for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med barnevernstenesta/leiar.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, der det er uforsvarleg å senda barnet heim etter endt barnehage/skule, eller der det er heilt nødvendig å handla der og då for å sikra bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av barnevernstenesta.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vera klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 2 – Kva skal du gjera ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Vaksne

- **Signal som kan vera teikn på vald:**
 - Hyppige sjukmeldingar, hyppige legebesøk, ofte med difuse symptom.
 - Avtalar vert endra eller kansellert, personen har vanskeleg for å koma heimanfrå.
 - Personen motset seg hjelp som krev innsyn i familien/par-relasjonen.
 - Personen er stadig blakk.
 - Personen kjem sjeldan til avtalar, ektefelle/partnar er ofte med.
 - Auka bruk av legemiddel eller alkohol.
 - Knuste eigedeler, hol i dørar og veggjar (ved heimebesøk)
- **Våg å spørja:**

Innleiing til samtale – «Mange eg møter i jobbsamheng har vore utsette for vald eller trugsmål om vald frå partnar eller familie. Eg har oppdaga at mange ikkje veit at dei kan snakka med meg om dette, og difor har eg byrja å spørja alle;»

 - Korleis er dette for deg?
 - Har du vore i eit forhold der du har følt deg redd eller truga?
 - Har partnaren din nokon gong skada deg?

Spørsmål om fysisk vald:

 - Vert du slått, lugga, haldt fast, brent, dytta?
 - Er du redd kva som kan koma til å skje med deg?

Spørsmål om psykisk vald;

 - Vert du audmjuka, krenka, truga eller latterleggjort?
 - Kjenner du deg lite verdt? Kjenner du deg redd?
 - Har den du bur i lag med vanskar med å kontrollera sinnet, vert personen sint og oppfarande?
 - Vert du kontrollert av andre? Disponerer du egne pengar?

Spørsmål om born:

 - Er barnet ditt trygt?
 - Er du redd dei kan bli skada?
 - Kor er borna ved konflikta?

Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkomande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seia at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfta saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melda saka vidare til politiet/representere verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melda. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar der vedkomande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, der det er heilt nødvendig å handla der og då for å sikra bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vera klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 3 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot ELDRE

- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå** om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som òg kjenner vedkommande.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakta politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seia at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melda saka vidare til politiet/representera verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melda. Det vert her vist til avvergingsplikta
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med politiet.
Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, der det er heilt nødvendig å handla der og då for å sikra bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vera klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Kontakt evt **Vern for eldre**, Nasjonal kontakttelefon 800 30 196

Tiltakskort 4 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Funksjonshemma

- **Fysisk teikn som kan tyda på vald:**
 - Sår, avrive hår, blåmerke – særleg på hals, kloremerke, hevelsar.
 - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.
 - Skadar på fleire stader på kroppen og skader som er grodd i varierende grad.
 - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smerter.
 - Svimmel, svevn - og eteforstyrningar.
 - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen etc.
- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.**
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som òg kjenner vedkommande.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakta politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seia at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfta saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melda saka vidare til politiet/representera verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melda. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar der vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med politiet.
Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, der det er heilt nødvendig å handla der og då for å sikra bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vera klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald

Dette er ei rettleiing i å skriftleg dokumentera informasjon ein tilsett/leiar får om vald eller seksuelle overgrep. Det kan vera viktig å ha skriftleggjort mistanken/observasjonar for å setja ord på eigne vurderingar, samt nyttig i kontakt med evt politi/barnevern/rettsapparat.

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart uroleg for at barnet kan ha vore utsett for seksuelle overgrep eller vald.

- 1) Kva var det som først gjorde deg uroleg for at nokon kan vera utsett for seksuelle overgrep eller vald?
Kva skjedde?
Var det noko vedkommande sa eller gjorde?
Kva sa vedkommande? (ordrett – om mogleg)
 - Kva gjorde vedkommande? (konkret beskriving av åtferd)
 - Korleis var kroppsspråket/ansiktsuttrykket?
 - Fysiske teikn (t.d. blåmerke, prøv å sjå meir av kroppen – ver kreativ)
- 2) Når skjedde det?
- 3) Kor skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Kva hende før vedkommande «røpte seg»?
- 6) Korleis reagerte du (evt andre) på det vedkommande sa/gjorde?
 - kva sa du til vedkommande?
 - kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før/seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?